

Mjuke og trøystande tonar frå nytt orgel

– Det skal vera lyrisk og mjukt, tilpassa stunda, forklarar organist og kantor Tim Rishton frå orgelkrakken. Onsdag gav fleire organistar smakebitar frå det nye orgelet i Soma kapell.

BORGHILD GUDMESTAD

tekst og foto

NYTT ORGEL: Det er mange kjensler i sving under ei gravferd, og musikken under ei gravferd er svært viktig. Onsdag var det ei offisiell markering for at det nye orgelet i Soma kapell nå er i bruk. Dei framførte fekk fleire smakebitar frå nokre av byen sine organistar.

Det nye orgelet er bygd for å vera ein viktig del av ei viktig stund. Orgelet er laga av eit av Norge sine største orgelbyggeri, Ryde& Berg. Dei siste vekene har blitt brukt til å montera orgelhuset, mala det og tona det inn.

Livssynsøytralt

Soma kapell er det mest brukte seremonirommet for gravferder i Sandnes, ikkje minst er det eit viktig livsnøytralt seremonirom som blir brukt av fleire trussamfunn og Human-Etisk forbund. I fjor var det rundt 130 gravferder i Soma kapell.

Orgelet som var i bruk dei siste åra var skjemma av feil, det spelte av seg sjølv og sure tonar øydela i gravferder.

– Musikken berører andre strenger, han når djupare, sa prost Ludvig Bjerkreim, ein av dei som talte under markeringa.



TOPP KVALITET: Kantorane i Sandnes er godt fornøgdde med det nye orgelet i Soma kapell. Tre av dei er frå venstre, Bengt Norbakken, Tim Rishton og Viggo Fagerjord.

Han fortalde kor ofte han ser akkurat det under gravferder.

Konsert

Sundag skal det nye instrumentet markerast med ein konsert i Soma kapell. Kora «Chorus» og Gank kirkekor skal saman med kantorane Tim Rishton, Viggo Fagerjord og Bengt Norbakken visa fram forskjellige sider ved det nye instrumentet.



NYTT ORGEL: Ordførar Stanley Wirak (Ap) prøvde seg så vidt på det nye orgelet i Soma kapell. Kantor Viggo Fagerjord presenterte noko litt anna.